



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

KULTUR- OG  
IDRETTSAVDELINGA

RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 19.04.2016  
Vår ref.: 2016/99-104  
Saksbehandlar: hanespe  
Dykkar ref.:

## Lavterskøl tilskot til fysisk aktivitet for barn og ungdom - Gapahuk

Det vert vist til dykkar søknad med frist 15.02.2016 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til lavterskøl fysisk aktivitet og idrett for barn og ungdom. Hordaland fylkeskommune, utval for kultur, idrett og regional utvikling, vedtok den 13.04.2016 å tildele kr. 30 000,- til dykkar tilskot.

### Grunngjeving

For 2016 er det kr 2.000.000 til fordeling. Det kom inn 54 søknader med ein samla godkjent

søknadssum på kr 3.052.600. Tildelinga er sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege

tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Ved avgjerda av dykkar sak har utval for kultur,

idrett og regional utvikling lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Utvalet fann at dei

vedtekne vilkåra for tildeling er oppfylte og at dykkar tilskot, etter ei samla vurdering, vert tilgodeseit.

Vedtak er lagt ved.

Tiltak for tilrettelegging av enkelt friluftsliv for barn og ungdom, som er prioritert i ordninga. Brei medverknad og positivt at tiltaket i hovudsak er retta mot bruk for barn og ungdom. Knytt mot bruk av skule og barnehage, som også er prioritert i ordninga. Tilskot kan ikkje overstige 50% av kostnad.

### Utbetaling. Krav om elektronisk faktura i EHF-format.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentleg forvaltning som regjerings

har vedteke. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar er pålagde å sende elektroniske faktura og

kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert

som leverandør da dette er ei utbetaling. For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura

(EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar;

1. For tilskotsmottakar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med

saksnummer og ressursnummer.

2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar

og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal saksnummeret brukast som fakturanummer, og ressursnummer skal fyllest ut i

feltet kjøpars referanse.

- Link til fakturaportal <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

- Link til brukarretteling

<http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteling%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2016/99

Ressursnummer: 400 006

Beløp: 30 000,-

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt



Org.nr. NO 938 626 367 mva.  
Kontnr. 5201 06 74239

TF: 55 23 90 00  
e-post: hfk@hfk.no  
www.hordaland.no

Agnes Mowinckels gate 5  
5020 Bergen  
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA PB 7900

105

11/19

merking med saksnummer og ressursnummer. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalt attende snarast.

#### Føresetnader for tilsegn

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med prosjektkoplan samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
- Tilsegnsmottakar skal gjennomføre rapportering/levere rekneskap samt medverke ved eventuell kontroll som nemnt under.
- Dersom tiltaket vert gjennomført med billettsal skal tilsegnsmottakar akseptere ordninga med følgjekort («leidasgerbervis») for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.
- Om føresetnadene ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta eller falle bort. Vi ber om at Hordaland fylkeskommune vert gjort synleg som tilskotsmottakar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på <http://www.hordaland.no/logo>.

#### Rapportering

Rapport og rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt innan 15. desember 2016. Rapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Skildre gjennomførte tiltak og i kva grad målsættinga vart nådd.
- Feik på eventuelle avvik og grunnjå desse.
- Informere om eventuell vidareføring.

#### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

#### Brot på vilkår og føresetnader

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalt attende. Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

#### Klage/partsinsny

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltingslova § 28. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans for vedtak knytt til midlar løyvd frå Hordaland fylkeskommune. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga. Klagefrist er tre veker frå søkar mottar melding om vedtaket. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltingslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med vennleg helsing

Per Morten Ekerhovd  
konst. Fylkesdirektør kultur og idrett

Hordaland fylkeskommune

Agnes Mowinckels gate 5  
PB 7900  
5020 Bergen

TF: 55 23 90 00  
e-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.  
Kontonr. 5201 06 74239

Hordaland fylkeskommune

Agnes Mowinckels gate 5  
PB 7900  
5020 Bergen

TF: 55 23 90 00  
e-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.  
Kontonr. 5201 06 74239

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Britt Karen Spjeld  
Fylkesidrettssjef